



# Vik Kommune inviterer til folkemøte om revisjon av kommuneplanen.

<b>Fresvik</b>	Måndag 23.1 kl.19.00	Fresvik skule
<b>Feios</b>	Tysdag 24.1 kl.19.00	Feios skule
<b>Vik og Vangsnes</b>	Onsdag 25.1.kl.19.00	Kyrkjestova
<b>Arnafjorden</b>	Torsdag 26.1 kl.19.00	Valsvik skule.

## Program for møtet:


### Del 1 Orientering ved rådmann og planansvarleg :

- Om status og utfordringar for Vik som kommune og som samfunn.
- Om forslag til planstrategi og planprogram for revisjon av kommuneplanen

### Del 2 Spørsmål og drøfting:

- Kva er dei viktigaste utfordringane for bygda og for kommunen?
- Kva tiltak er aktuelle på kort og lang sikt? Kva planendringar bør gjerast?

Formannskapet ved ordførar m.fl. vert med på møtet. Det vert enkel servering .



Kart over Vik kommune

**Folketalet** i Vik kommune er redusert med ca 200 personar siste 10 år, og er no ca 2750 .

Nedgang i folketalet gjev mindre grunnlag for tenester og tilbod. For utkantbygdene er nedgangen dramatisk og trugar grunnlaget for basistilbod som skule og butikk.

Folketalsutviklinga er hovudutfordringa for Vik kommune

Framlegg til Planstrategi legg til grunn fylgjande mål:  
**Snu folketalsutviklinga - 2800 innbyggjarar i 2024!**

**Kommuneplanen** legg rammer og føringar for utvikling av Vik kommune som samfunn og for organisasjonen Vik Kommune. Endringar i kommuneøkonomi, lovverk m.m. gjer at gjeldande plan frå 2005 er "utgått på dato", og ueigna som styringsreiskap .



**Velkomen til eit samråd om bygda og kommunen si framtid!**

Marta Finden Halset  
Ordførar

Oddbjørn Ese.  
Rådmann